



Avdelingsleiar, Egil Pile, saman med Børre Waagan frå Selstad sin oppdrettsavdeling (Arkivfoto).

Utstyrslieferandøren Selstad og design- og ingeniørselskapet Koda har inngått distribusjonsavtale for kar til smolt- og landbaserte anlegg. Med denne avtalen blir Selstad ein forhandler av både kar, røyr, rørsystem og tilhøyrande teknologi. Med denne distribusjonsavtalen kan Selstad stå for løysingar for landbaserte anlegg og smoltanlegg utover dei løysingane Selstad alt har i dag innan havbruk.

Selstad har med dette også inngått ein treårig avtale med oppdrettsselskapet Mowi om å vera hovudleverandør på oppdrettsposar. Mowi er rekna å vera oppdrettsgiganten i Noreg og har i mange år vore kunde og samarbeidspart med Selstad. Dette gjeld særleg på servicesida og på levering av posar og fortøyningar.

Selstad har servicestasjon på Eidsvik i Uskedalen. Egil Pile er avdelingsleiar. Det er ikkje heilt klart kva auka produksjon til landbaserte anlegg får å sei for lokasjonen i Uskedalen, men leveransen til Mowi vil føra til auka aktivitet lokalt.

Tekst: Med bakgrunn i pressemelding/Facebooksida
Nett/foto: Kristian Bringedal